

# NOTAT

**"Eleven først, så studenten"**

Jan Olav Fretland, Jon Henjum og  
Knut Atle Skjær

Notatnr. 7/2006 Avdeling for lærarutdanning og idrett

# NOTAT

Postboks 133, 6851 SOGN DAL telefon 57676000 telefaks 57676100

TITTEL	NOTATNR.	DATO
<b>"Eleven først, så studenten"</b>	7/2006	20.12.2006
PROSJEKTTITTEL	TILGJENGE	TAL SIDER
<b>"Eleven først, så studenten"</b>  Eit didaktisk opplegg der første steget er at høgskulelærarar sjølv arbeider direkte med elevane, med studentar til stades	Fritt	8
FORFATTAR	PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG	
Fretland, Jan Olav, Henjum, Jon Skjær, Knut Atle	<b>Jon Henjum</b>	
OPPDAGSGJEVAR	EMNEORD	
<b>Utdanningsdirektoratet</b>	Didaktikk, praksis, norsk, matematikk, samansette tekstar, rekneark	
SAMANDRAG	<p>Målet med prosjektet er å skapa auka kompetanse og forståing mellom ulike partar i praksissituasjonar i grunnskulen. Den didaktiske hovudideen var at høgskulelærarar i norsk og matematikk sjølv arbeidde direkte mot elevar i grunnskulen, med praksisstudentar til stades. Prosjektet tok utgangspunkt i praksis på 30-poengs-studiet Ikt for lærarar, og har hatt overføringsverdi til grunn- og vidareutdanningar på norsk og matematikk i allmennlærarutdanninga. Empirigrunnlaget er timar i undervisning i matte og norsk, mest på mellomsteget, på fem grunnskular i Hordaland og Sogn og Fjordane. Tema for undervisninga var slike som: innføring i rekneark, lineær forteljing med presentasjonsprogram på ikt, skuleavis på data osv. Prosjektet er i tillegg HSF-notatet og dokumentert gjennom nettoppslag frå skulebesøka og praksisplakatar . Skal brukast som praksislærermiddel på vidareutdanningar og presentasjon på konferansar</p>	
PRIS	ISSN	ANSVARLEG SIGNATUR
<b>40 kr</b>	<b>0806- 1696</b>	

## Rapport frå prosjektet "Eleven først, så studenten"



Eit didaktisk opplegg der første steget er at høgskulelærarar sjølve arbeider direkte med elevane, med studentar til stades. Prosjektet tek utgangspunkt i praksis på vidareutdanninga "Ikt for lærarar" med overføringsverdi til grunn- og vidareutdanningar på norsk og matematikk i allmennlærarutdanninga

Med i prosjektet:

- Førstelektor Jon Henjum (prosjektleiar), it-pedagog Knut Atle Skjær og førsteamanunesis Jan Olav Fretland frå HSF
- Studentar ved studiet Ikt for lærarar
- Lærarar og elevar ved Brakanes skule, Bulandet skule, Odda skule, Sekse skule, Årdalstangen skule

Sogndal, 20.12.2006

## **Bakgrunn**

Lærarutdanninga på Høgskulen i Sogn og Fjordane søkte Utdanningsdirektoratet våren 2005 og fekk i september same året tilslag på prosjektet "Eleven først, så studenten". Utdanningsdirektoratet støtta prosjektet med kr 95 000.-. Ideen sprang ut av praksisarbeidet knytt til eit 30 poengs studium i ikt for lærarar, som HSF til då hadde gjennomført fire gonger, med frå 25 til 50 studentar. Studentane er delvis fjerdeårsstudentar ved allmennlærarutdanninga, delvis lærarar i arbeid i grunnskule og vidaregåande skule.

Tanken var at høgskulelærarar sjølve bør praktisera i faget sitt i skulen, med studentane til stades. Gjennom tilbakemelding og drøfting vil såleis både den høgskuletilsette få nyttig tilbakeføring, og student og lærar vil få idear til didaktisk tilnærming på ulike tema innanfor ikt og læring.

Det aktuelle personalet frå HSF har brei undervisningserfaring både i grunn- og vidaregåande skule og i høgskulen. Henjum er førstelektor i matematikk, Skjær er høgskulelektor i norsk og mangeårig it-pedagog ved lærarutdanninga og Fretland er førsteamanuensis i norsk og mellom anna styreleiar i Noregsuniversitetet.

## **Førarbeid**

Me tre frå høgskulen laga ferdig prosjektplanen og vedtok å satsa på fleirfaglege opplegg på 3-6 skular, alt etter kor stor interesse det var for tiltaket. Det vart utarbeidt reiseplanar og detaljert budsjett, og det vart oppsett ei didaktisk ramme og ein gjennomføringsplan for prosjektet. (Sjå nedanfor under Gjennomføring.) Deretter informerte prosjektleiarar på ei samling for ikt-studentane, og fekk gode tilbakemeldingar på prosjektplanen. På kvar skule tok me utgangspunkt i ei av studentgruppene på studiet. Dei hadde frå før hatt ein del samarbeid og var vane med å løysa arbeidskrav saman. Men me fann ut at det på kvar prosjektskule måtte vera ein ansvarleg lærar, som og var student på kurset. Denne studenten fekk vidare ansvar for å informera og få godkjenning for tiltaket hjå skuleleiinga.

Følgjande skular vart med på prosjektet: Brakanes skule, Balandet skule, Odda skule, Sekse skule og Årdalstangen skule. På alle skulane vart det gjort greie avtalar med skuleleiinga, som og tok godt mot oss og la forholda så godt som mogleg til rette. Modellen var i hovudsak at høgskulelæraren hadde idear til opplegg som vart diskuterte med den aktuelle skulen, slik at ein fekk ei felles forståing for kva som var måla med opplegget. Dei fleste opplegga vart noko justerte etter innspela frå skulane.

## **Gjennomføring**

Nedanfor har me teke for oss dei ulike skulebesøka: mål med besøket, kven som deltok, bruk av it-verktøy, resultat

<b>Skule og fag</b>	<b>Mål med besøket</b>	<b>it-verktøy</b>	<b>Resultat</b>	<b>Frå HSF</b>
Brakanes, matematikk 8. klasse	INNFØRING I REKNEARK: Referansesystem Formlar Grafikk	EXCEL	Som venta – elevane meistra denne innføringa til liks med tidlegare erfaringar. Spreing til lærarar på skulen	Jon Henjum
Odda, matematikk	INNFØRING I REKNEARK: Referansesystem Formlar Grafikk (hovuddel)	EXCEL	Som venta – elevane meistra grafikkdelen, medan formlar krev formell tenkjing og ein bør unngå avansert bruk av formlar. Studentane vidareførde strukturen i eigen praksis.	Jon Henjum
Odda, norsk	Fortelje ei lineær historie vha presentasjonsprogram , øve på samansette tekstar	Powerpoint presentasjons program	Stort engasjement og god motivasjon. Positiv tilbakemelding frå studentane	Knut Atle Skjær (KAS)
Sekse, matematikk	INNFØRING I REKNEARK: Referansesystem Formlar Grafikk (hovuddel) Hyperkoplingar	EXCEL	Som for Odda. Bruk av hyperkopplingar. Er enklare enn i Word då cellereferansen er gitt. Ny erfaring. Studentane vidareførde strukturen i eigen praksis.	Jon Henjum
Bulandet, matematikk	INNFØRING I REKNEARK: Referansesystem Formlar Grafikk Bruk av OpenOffice	Calc	Laga nytt innføringshefte med utgangspunkt i OpenOffice. Positiv samhandling mellom studentar og tilsette	Jon Henjum
Bulandet, norsk	Fortelje ei lineær historie vha presentasjonsprogram, øve på samansette tekstar	Impress presentasjonsprogram i Open Office	Stort engasjement og god motivasjon. Positiv tilbakemelding frå studentane	KAS
Årdalstangen - matte	INNFØRING I REKNEARK: Referansesystem Formlar Grafikk	EXCEL	Som venta – elevane meistra denne innføringa til liks med tidlegare erfaringar. Spreing til lærarar på skulen.	Jon Henjum
Årdalstangen - norsk	Lage "skuleavis" vha. presentasjonsprogram , øve på samansette tekstar	Powerpoint presentasjons program	Stort engasjement og god motivasjon. Positiv tilbakemelding frå studentane	KAS/ Jan Olav Fretland

## Nokre kommentarar

Me tek først med utdrag frå e-postveksling mellom student og høgskuletilsett, som viser litt av arbeidsmåten i prosjektet:

E-post 108 Av 117



**Frå:** nn Ny kontakt  
**Til:** Knut Atle Skjær <KNUTAS@STUD.HIS...< a>  
**Tittel:** Re: Takk for sist  
**Dato:** 2006-01-24 15:11

Sjølv takk for sist, det var både lærerikt og inspirerande for elevane, og oss. Eg har alt brukt Impress i Norskfaget. 5. klasse laga segn om lokale fjellformasjonar, vatn eller liknande og er no iferd med å lage ein presentasjon i Impress. 6.klasse skriv ein moderne versjon av Snøkvit og dei sju dvergane der rollene skal bytast om. Den eine gruppa har start å lage sin presentasjon av "Snømannen og dei sju Dvergbertene"

Eg ser at dette verktyet fremmar både kreativitet, skriveglede og at det eignar seg godt både for arbeid áleine og i grupper. Kjempekjekt.

Helsing Heidi. Vi held framleis på "å blåse på havet" :-)

Knut Atle Skjær (knutas@stud.hisf.no) skrev:

>  
>  
>Takk for sist, det var ein artig tur og triveleg besøk hjå dykk.  
>  
>  
>Eg har lasta opp eit lite referat frå den økta eg hadde med  
>presentasjonsverktøyet. eg har der sett det inn i ei meir didaktisk ramme i  
>norskfaget. Det var ikkje alt dette vi kom nok inn på, men eg ser at dette  
>verktøyet nok kan nyttast i ulike samanhengar m.a. i norskfaget.  
>  
>  
>Referatet ligg i gruppemappa dykkar.  
>  
>  
>helsing Knut Atle  
>

Enkelteleven, observasjon frå JH

*På slutten av dagen medan elevane la inn hyperkopplingar i reknearket la eg merke til ei av dei stille jentene som eg veit er glad i å teikna. Det var tydeleg at det å setja inn biletet og laga hyperkopplingar fengde henne. Ein slik kreativ bruk av reknearket var interessant. Eg sa til henne at slike hyperkopplingar kan ho bruka i andre dokument og heimesider. Ho strålte opp, dette var noko ho fann verdt å prøva!*

### **Litt om ulik kvalitet på rammefaktorar**

Tangen skule og Odda barneskule hadde god standard på datalab – faktisk betre enn ved HSF. Ulvik skule hadde ein "overlest datalab", men har no god tilgang på datamaskiner i klasseromma. Sekse skule og Bulandet skule har godt datautstyr, men plassert litt "her og der" som er naturleg for små grendeskular.

Datalabben på Tangen skule er også bygd opp slik at elevane både kan følge undervisninga på prosjektor og arbeide ved eigen pc. Læraren har god oversikt over elevgruppa. Elevane retta blikket fram når Jon bad om merksemrd, og arbeidde vidare på maskina når han gav klarsignal om det. Elevane var disciplinerte og syntet stor iver under økta.

Norsk: På dei stadene vi var, var rammefaktorane gode. Maskinparken fungerte utan problem. Studentane hadde førebudd opplegga godt, både ved å finne aktuelt stoff og ved å sjekke maskinene på førehand. Noko av æra for at det gjekk så bra må gjevast til studentane. I tillegg gjorde det at vi var så mange til stades at vi kunne ta oss av elevane og i stor grad gje dei individuell oppfølging.

### **Utbyte for skulane**

Elevane har fått ei enkel innføring i rekneark og har fått digital kompetanse i referansesystem og grafikk (diagram). Skulane har fått tilført digital kompetane gjennom handling meir enn eit planverk som aldri vert realisert.

### **Utbyte for studentane**

Studentane på vidareutdanninga vil vidareføra arbeidet på eigen skule. Me meiner dei har opplevt "profesjonsutdanning" frå den høgskuletilsette i direkte samhandling med elevane. Vi fekk svært gode tilbakemeldingar. Korkje studentane eller elevane i dei klassane der vi var, hadde tenkt på å arbeide på denne måten tidlegare, og vi har i ettertid fått tilbakemeldingar på at dei har nytta IKT på denne måten i fleire samanhengar.

### **Utbyte for den høgskuletilsette**

*Frå matematikksida (Henjum):* Den høgskuletilsette møter skular med ulike rammer: "Hjå oss har me det "trongt" på datalabben – då må eg undervisa slik det er". Dette er noko anna enn å gje oppgåver der rammefaktorane er ideelle. Hjå oss har me ikkje Excel, men me brukar Calc. Då må eg undervisa i Calc (læra meg eit anna rekneark). Det å prøva ut rekneark på barnesteget var ei ny erfaring.

Elles vart me godt mottekte på skulane, og det var ei slag "høgtidsstemning" der elevane viste seg frå ei framifrå side. For oss vart det enno klårare kor viktig det er å laga ei innføring der alle lukkast, og at det er matematikken som set grenser for korleis elevane meistrar reknearket. (Innføringsheftet hadde eg laga saman med ein tidlegare ikt-student og det var eit klart mål at elevane skulle lukkast). Eg har fått møtt to industrisamfunn, ei jordbruksbygd og to mindre grendeskular som er typiske for regionen HSF rekrutterer studentar frå. Eg har og fått betre kjennskap til praksisregionen. (No veit eg at på Bulandet veit kvinnene meir om data enn mennene grunna at mannen er på fiske og kona ordnar alt med nettbank ...)

*Norsk:* Vi hadde utbyte på følgjande måtar: Vi sette oss inn i eit nytt område for norskfaget, eit sentralt området i K06. Vi fekk sett oss inn i korleis IKT kan nyttast på ein naturleg og fagleg forsvarleg måte i norskfaget. Vi fekk komme ut i skulen og sjå korleis og under kva forhold ein arbeider der. Vi fekk sett oss inn i andre program enn Windows-program, i og med at ein av skulane nyttar Linux og Open Office-verktøy.

### **Samanfatting og vurdering av resultata**

Opplegget tek utgangspunkt i Kunnskapsløftet. I fagplanen for norsk står til dømes området Samansette tekstar sentralt som eitt av fire arbeidsområde. Kontaktar med lærarar i grunnskulen viser oss at dei er usikre på kva som ligg i dette. Opplegget har derfor vore eit utprøvingsopplegg om korleis ein kan laga tekstar som er samansette av tekst, bilet, rørsle og lyd, og korleis ein kan klara dette ved hjelp av litt IKT-kunnskap og vanlege standardverktøy i Microsoft Office og Open Office. Samstundes var det viktig at dette arbeidet vart ein integrert del av norskfaget, med eit norskfagleg innhald.

Tilpassa opplæring var og sentralt: Elevar kunne leggja opp arbeidet med forskjellig vanskegrad og etter forskjellige interesser. Vi vil også understreka noko som vart tydeleg i prosjektet: Eit slikt presentasjonsprogram har på mange måtar innebygd ein lineær struktur: Ein startar på bilde 1, derifrå går ein til bilet 2 osv. Dette kan ein seia bryt med hypertextstrukturen, som no er vorten svært vanleg på mange område. Men vi skal ikkje sjå bort frå at det kan vere positivt å arbeide lineært, særleg for elevar som har vanskeleg for å konsentrera seg.

### **Økonomi**

Som vanleg i slike prosjekt må noko av arbeidet gå på idealisme og gratisarbeid. Timelista syner kring 253 timer på prosjektet, inklusive ein god del reisetid, tilrettelegging på nett og skriving av denne rapporten. Me har fått godt gjort for ca. 205 timer. Innsatsen frå studentane, som hadde dette delvis som del av praksis, og personalet på skulane elles er gratis. Dette er naturleg, fordi Høgskulen jo her, med støtte frå Utdanningsdirektoratet, driv gratis kompetansebygging for skulane

Ein enkel rekneskap syner utgifter på 183 353 kr:

Arbeidstimar tilsette	kr 89 200
Reisetid tilsette	kr 9 000
Eigeninnsats grunnskulane	kr 40 000
Reise og diett	kr 14 153
Trykking og kopiering mm	kr 5 000.-
Rapportering og presentasjon	kr 26 000.-

Sjå elles vedlagd rekneskap

### **Spreiing av resultata**

Ut frå røynslene i andre samanhengar har me valt å leggja døme, bilet, rapportar osv. ut på nettet til studentane og andre interesserte. Nedanfor finn leseren tre av dei hypertextane som er utlagde om prosjektet. Desse

nettadressene kjem sjølvsgagt og andre studentar til gode, som appetittvekkjar, idekjelde og rettleiing.

- \* <http://home.hisf.no/jonhenj/rapportar/forsteleven/samandrag1.htm>

Informasjon om arbeidet, frå skulebeøka, studentgruppene, praksisplakatar (tillegg) og rapporten. Skal brukast som praksislæremiddel på vidareutdanningar og presentasjon på konferansar.

- \* <http://html.hisf.no/ALU/norsk/test/videoside3d.htm>

Photo-story-presentasjon som viser arbeidet med lyd, bilete og animasjon ved ein av skulane

- \* <http://home.hisf.no/jonhenj/rapportar/forsteleven/rekneark.htm>

Eit starthefte i bruk av reknearket Calc (OpenOffice). Vart laga til møtet med elevane på Bulandet.

Først og fremst er resultata nyttige for oss og kollegaene våre i eiga undervisning. Sidan det er så mykje konkret dokumentasjon i materialet, meiner me og det er ønskjeleg å få gjort prosjektet kjent i ulike samanhengar, som på fagkonferansar. Henjum og Fretland har meldt på paper til konferansen Fou i praksis Dronning Mauds Minne i Trondheim 19. og 20. april 2007.